



Dok.dato: 26.02.01
2001000243-2 - L12

Vår Ref:

ULVIK HERAD
PTM

Reguleringsføresegner for Ulvikpollen i Ulvik herad

Planområde - Avgrensing

Reguleringsplanen er utarbeidd for eit areal avgrensa av strandlina og ei line beint over fjorden mellom på vesatsida eigedomsgrensa mellom gnr 75 bnr 1 og gnr 74 bnr 2 og eit punkt på austsida; nordre eigedomsgrense mellom gnr 40 bnr 2 og gnr 40 bnr 3 der denne går til fjorden. I tillegg inngår eit område på land tilsvarande våtmarksreservatet på land.

Arealet er vist på kart i M 1:5000 datert 17.6.99.

Lovheimel

Reguleringsplanen er utarbeidd med heimel i Plan-og bygningsloven kap.4.

Føremål med reguleringa

Føremålet med reguleringsplanen er å regulera bruken i Ulvikpollen av omsyn til tryggleiken for ulike brukargrupper og for å minka støyulempene med sjøflytrafikken.

Reguleringføremål

1. *Offentleg trafikkområde*

- T1 og T2 Område for avgang og landing med sjøfly

Område for avgang og landing med sjøfly er avsett på kartet som T1 og T2. For områda T1 gjeld at det ikkje er tillate med avgang mellom kl 2130 og kl 0800 på kvardagar og kl 2130 og kl 1230 på sun-og helgedagar.

For område T2 gjeld at det er høve til å letta på kvardagar mellom kl.0800 og kl.1700.

Når cruisebåtar ligg oppankra ved oppankringsplass i fjorden, har skipet og tilhøyrande tendringsbåtar 1.prioritet. Sjøflya må vika for desse og berre landa dersom fartøya ligg utanfor landingsstripa og i sikker avstand frå denne.

- T3 Sjøflyhamn

- T4 Kai

Kaiområde avmerka T4 er trafikkareal for offentlig kai med ruteanløp

Kaier er merka med **K** der det er bygt kaianlegg som er private anlegg, men det er ikkje merka av særskilt trafikkareal i sjøen.

2. Friområde

- F1 Badeområde i sjø

Badeområde som er merka med bøyer i sjøen. Det er forbod mot motorisert ferdsel innanfor avmerka område.

I tillegg er merka av fleire område som ikkje er avmerka med fysiske sperrer i sjøen, men der det føregår bading regelmessig - B.

3. Spesialområde

- S1 Vasskiarena

Område som er lagt ut til vasskianlegg. Området inneheld anlegg for vasski, men er ikkje fysisk avmerka med bøyer. Det er ikkje lagt andre restriksjonar på området.

- S2 Våtmark

Området verna ved Kgl. resolusjon etter Naturvernloven 15.12.95. I dette område gjeld ferdselsforbod. I vernereglane er minste overflygingshøgde 300 m (ca 1000 fot)

- S3 Friluftsområde - Snauholmen, er avsett til friluftsområde i tråd med dagens bruk

- S4 og S5 Småbåthamner.

4. Område for fritid, ferdsel og fiske

Resterande areal i sjøen som ikkje er avsett til andre reguleringsføremål.

Det er forbod mot avgang og letting med sjøfly utanom område avsett til dette formål i reguleringsplanen - T1 og T2.

Dispensasjonar

Heradstyret kan etter søknad gje dispensasjon frå denne reguleringsplanen med føresegner dersom det ligg føre særlege grunner jfr. Plan-og bygningsloven §7.

Ordførar har fullmakt til å dispensera frå tida for avgang og landing med sjøfly i samband med spesielle einskildoppdrag.

Sist revidert i samsvar med vedtak i Ulvik heradstyre 22.02.01, sak 08/01.
